

Fargerik Disney-framsyning i Haugesund

Ingen ting å seia på innsatsen til dei 50 medverkande i Bømlo Musical Laug si Disney-oppsetjing i Staalehuset i Haugesund. Men publikum svikta diverre "Zero to Hero".

ATLE HANSEN

Med i underkant av 100 frammøtte til premieren, må det ha vore tungt å gå på scenen i salen som rommar mest 500. Men aktørane i Disney-showet lot seg ikkje merka med dei tomme benkeradene, dei spela, dansa og song for full trøkk og gav til beste ei fargerik framsyning av høg musikalsk standard.

Du må berre bli imponert av eit slikt dugnadsløft som "Zero to Hero" er. Alle som har vore med på store teater- og musikalproduksjonar, veit kor mykje arbeid som ligg bak, kor mange reptisjonar og prøvar, kor mange timar ved symaskinane, kor mange dagar med terping på trinn og replikkar, kor mykje srnil og sveitte og tårer og tunge stunder. Men når teppet, eller som her; røykteppet, går opp for premieren, er alt dette gløymt, og berre gleda med å opptre står att.

På eigen dialekt

Jo da, her var mykje å gleda seg over. Nokre aktørar hugsar ein ekstra godt; først og fremst åtteåringen Amalie Habbestad som småjenta Jessie, ein kjempeprestasjon av ei så lita jente. Røynde Runa Krukhaug var flink og levande som gjennomgangsfiguren Sissel. Song godt gjorde ho også, i ein førsteklasses versjon av songen om Hercules. Janne Robberstad som eg kjenner best som dyktig kostymemakar, hadde mange fine innslag. Og Margrethe Lund Skorpen song vakkert som alltid - og naturleg på sin eigen dialekt, medan dei andre song austnorsk, sjølv dei som strevde med å få rulle-rane på plass.

Elles var det også mange andre gode songsolistar i ensemblet, koret var aldeles glimrande og dansarane skapte fart og stemning. .Dansemiljøet på Bømlo er jo heilt einestående, det har me m.a. sett på Ungdommens Kulturmønstring.

Når det likevel ikkje var ei heilt vellukka framsyning, skuldast det manglar i manus. Songane var fletta inn i ei historie som mangla ei god dramaturgisk oppbygging, og var prega av mange innhaldstomme replikkar. Det eg sakna mest var dei tre elementa som gjer dei beste disneyfilmene så fryktelege fascinerande: tåre-dryppande sentimentalitet, burlesk humor og grøssande spenning.

Sakna fleire

Eg sakna også dei mest kjende og kjære Disney-figurane, dei figurane, som Walt Disney sjølv var med å skapa; Mikke Mus og venene hans, og Donald og dei andre i Andeby. Er det noko folk assosierer med Disney, så er det desse. Bømlo Musical Laug inviterte til ei framsyning om Walt Disney sitt liv, men laga eit show basert på filmar som med eit par unnatak var laga eit kvart hundre år etter at han døydde.

Å reisa til Haugesund for å laga show, var ein sjanse å ta for musikallauget. Håpet var vel at også byfolk skulle komma til Staalehuset, og ikkje berre bømlingar. Slik gjekk det ikkje. Eg trur det meir skuldast marknadsføringa, enn sjølve forestillinga. Tittelen på det heile, "Zero to Hero", fortel absolutt ingenting om innhaldet. (Kvifor engelsk forresten?) Biletet på plakaten er av ein mann mest ingen kjenner att. Disney sine figurar er langt meir kjende enn mannen sjølv.

Men når dette er skrive, sjølve prosjektet er det berre å ta av seg hatten for. Å samla så mange flinke musikk-krefter frå Bømlo og Stord til eit slikt felles lyft og gjennomføra det med stil, er ikkje berre

imponerende, men eit tiltak som fortener honnør.



Mange gode songnummer, flotte kostymar, eit godt orkester og mykje sprek dans, gjorde Bømlo Musikal Laug si storsatsing i Haugesund til ei fargerik oppleving.